

**Sakshandsamar:**

Ingeborg Lie Fredheim  
E-post: ingeborg.lie.fredheim@sfj.no  
Tlf: 57 65 62 23

**Vår ref.**

Sak nr.: 07/1853-6  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

16048/07

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 22.08.2007

Det Kongelige kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

## Svar - Høyring - Forslag om endring i finansieringsansvaret for opplæring i barneverninstitusjonar - opplæringslova § 13-2

Vi viser til dykkar brev datert 06.07.07 med høyring på framlegg om endring i opplæringslova §13-2.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande høyringsuttale:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner primært at det forvaltningsnivået som har det generelle ansvaret for høvesvis grunnskule og vidaregåande opplæring, best vil kunne ivareta den einkilde elev sitt opplæringsbehov og sikre eleven sine rettar etter opplæringslova.
2. Dersom fylkeskommunen framleis også skal ha ansvar for grunnskuleopplæringa, støttar Sogn og Fjordane fylkeskommune departementet sitt framlegg om at det økonomiske ansvaret for opplæring av barn og unge som bor i barneverninstitusjonar, vert plassert i eleven sin heimfylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det må presiseres i lovteksten at ansvarleg fylkeskommune er den fylkeskommunen der eleven er busett når barnevernvedtaket vert fatta.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som uheldig at juridisk og økonomisk ansvar vert delt. Ei klar ansvarsplassering på ein kommune/fylkeskommune vil best kunne ivareta omsynet til kontinuitet og planlegging av opplæringa for den einkilde elev.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune er einig i at institusjonsfylket får rett til refusjon av utgifter etter fastsette satsar. Dette føreset at satsane avspeglar dei faktiske kostnadene.

Det bør fastsetjast 4 ulike satsar for opplæring av barn og unge i barneverninstitusjonar som har behov for spesialundervisning (i tillegg til ordinær grunnsats) – lav, middels, høg og ekstra høg sats. Det må gjevast høve til individuelle avtalar mellom heim- og institusjonsfylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil presisere at PPT i institusjonsfylkeskommunen og institusjonsfylkeskommunen skal vurdere kva sats som skal nyttast, i samarbeid med heimfylkeskommune.



Satsar for refusjon må justerast etter lønsutviklinga, og fastsetjast i årleg rundskriv.

5. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at same ansvarstilhøve og refusjonsordning bør gjerast gjeldande både for elevar som bur i barneverninstitusjonar og i helseinstitusjonar. Lovendringa bør difor omfatte både § 13-2 og 13-3a.

Med helsing

Bekka Skaasheim  
fylkesdirektør

Ingeborg Lie Fredheim  
kontorsjef

Kopi til:

Opplæringsavdelinga, Bekka Skaasheim  
Opplæringsavdelinga, Eirik H. Hamre

Hovudutval for opplæring